

VEDTEKTER

for

Regionrådet Nordhordland

§1 MEDLEMSKOMMUNAR

Regionrådet Nordhordland er eit politisk samarbeidsorgan for kommunane Austrheim, Gulen, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

§ 2 FØREMÅL

- 2-1 Regionrådet Nordhordland har som føremål å medverke til vidareutvikling av regionen næringsmessig, sosialt og kulturelt.
- 2-2 Regionrådet Nordhordland skal gjennom drøfting og påverknad av saker av felles interesse for kommunane medverke til ein effektivisering av kommunale gjeremål.
- 2-3 Regionrådet Nordhordland har ansvar for å vurdere kommunane sitt engasjement på det regionale plan og skal bidra til ei effektiv og samordna leiing av interkommunale/regionale tiltak.
- 2-4 Regionrådet Nordhordland skal m.a. arbeide med desse oppgåvene:
Eit samordna tiltaksarbeid i regionen med særskilt vekt på næringsutvikling og infrastruktur - herunder utvikle bredda i næringslivet, i arbeidstilbodet og i servicetilboda.
Fremje regionen sine interesser overfor fylkes- og riksnivået og i internasjonal samanheng.
Arbeide for å betre kommunikasjonstilhøva internt i regionen og mellom regionen og omliggande distrikt.
Fremje ein samordna marknadsføring av Nordhordland og vere pådrivar for kultur- og identitetsskapande regionalt arbeid.
Fremje samarbeidstiltak som medverkar til å sikra ein effektiv kommunal tenesteproduksjon med høg kompetanse.
- 2-5 Regionrådet Nordhordland sine strategiar og øvrige arbeidsområde vert konkretisert i strategisk plan.

§ 3 SAMANSETJING

- 3-1 Regionrådet Nordhordland er ordførarane i medlemskommunane med varaordførarane som varamedlemer. Regionrådet Nordhordland vel leiar og nestleiar på første møte i ny kommunestyreperiode. Vala gjeld for heile kommunestyreperioden.
- 3-2 Rådmennene / administrasjonssjefane i medlemskommunane kan møte i Regionrådet Nordhordland sine møter med tale og forslagsrett. Ass. rådmann kan møta ved rådmannen sitt forfall.
- 3-3 Administrasjonen i Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) skal møte i Regionrådet Nordhordland sine møter med tale og forslagsrett.
- 3-4 Regionrådet Nordhordland kan oppretta særutval.

§4 VEDTAK

- 4-1 Kvar medlemskommune har ei røyst i Regionrådet Nordhordland.
- 4-2 Det skal førast protokoll frå møta i Regionrådet Nordhordland.
- 4-3 Møta i Regionrådet Nordhordland er lovleg satt når meir enn halvparten av medlemskommunane er representerte.

§5 NORDHORDLANDSTINGET

5-1 Ein gong i året kallar Regionrådet Nordhordland saman alle formannskapa i medlemskommunane til Nordhordlandstinget. Nordhordlandstinget skal vera ein politisk verkstad for regional utvikling og drøfting av aktuelle saker av regional interesse.

§6 MØTER

6-1 Regionrådet Nordhordland held møter i samsvar med møteplan og tar opp saker i tråd med føremålsparagrafen for selskapet.

På statusmøtet i andre kvartal skal Regionrådet Nordhordland m.a. handsama desse saker:

- Statusrapporter.
- Arbeidsplan for neste år med kostnadsoverslag og øvrige rammer for NUI sitt arbeid for Regionrådet Nordhordland.
- Vedtektsendringar
- Andre saker som er naturleg å leggja til statusmøtet.

6-2 Ekstraordinært møte i Regionrådet Nordhordland kan innkallast når leiar eller meir enn halvparten av medlemskommunane krev det.

§ 7 ØKONOMI

7-1 Regionrådet Nordhordland skal ikkje drive økonomisk forvaltning og skal ikkje sette i verk tiltak som forpliktar medlemmene eller andre økonomisk.

7-2 Regionrådet Nordhordland skal ikkje avlegge eige rekneskap og skal ikkje ha eigen administrasjon og budsjett.

7-3 Administrasjon, økonomisk forvaltning og sekretariatstenester vert ivaretatt av NUI etter eigen avtale.

7-4 Oppgåver som krev økonomiske disposisjonar vert gjort av NUI etter eigen avtale .

7-5 Regionrådet Nordhordland fastlegg i årsplanen omfang og kostnader for sekretariatstenester.

7-6 Kostnadsdelinga følgjer folketalet i kommunane pr 1.1.i budsjettåret.

7-7 Kommunane dekker sjølve kostnader med reise og opphald til møter i regi av Regionrådet Nordhordland.

§ 8 INN- OG UTMELDING

8-1 Opptak av nytt medlem i Regionrådet Nordhordland kan skje etter vedtak i NUI og medlemskommunane.

8-2 Utmelding kan skje med eitt års oppseiingsfrist, gjeldande frå utgangen av inneverande år. Utmelding av Regionrådet Nordhordland må handsamast parallellt i NUI sine styrande organ og ha same verknad for NUI som for Regionrådet Nordhordland.

§ 9 OPPLØYSING

9-1 Regionrådet Nordhordland kan oppløysast når minst 2/3 av medlemskommunane krev det. Oppløysing av Regionrådet Nordhordland vil og ha verknad for NUI og må difor handsamast parallellt i NUI sine styrande organ.

§10 ENDRING AV VEDTEKTER

10-1 Endringar i vedtektene kan berre gjerast i statusmøtet og etter at minst 2/3 av medlemskommunane går inn for det.

Desse vedtektene gjeld frå 01.01.2012.